

Dagstur til Voss – onsdag 24. august 2022 for Åsane Senior Bowlere

08:30 fra Busstasjonen – utenfor ved Blomsterpaviljongen

08:40 fra Handelshøyskolen – retning Åsane

08:40 fra Eidsvåg 08:45 fra Åsane Terminal 08:55 fra Bommane

Kjøre til Voss – besøk på Mølstertunet med utstillingen Utsyn mot Voss (Korleis Voss vart Voss)

Opp (og nedatt) med Voss Gondol - 2 retters lunsj på Hangursrestauranten

Hjemtur via Hardanger med kaffe og kakestopp i Øystese på Hardangerfjord Hotell

Siste stopp ca kl 18:45

Pris pr person kr 999.-



Mølstertunet



Hangurstoppen restaurant – med gamlegondolen Danglo

**Påmelding straks og senest innen tirsdag 9. august til Jostein S. -
SMS til 90687897**

Opplev gamle Voss

Mølstertunet ligg høgt og fritt med fin utsikt over Vossavangen. Det er eit vakkert gardstun med 16 små og store bygningar. Husa står der dei ein gong vart sette, ingen ting er flytta til eller frå.

Dette gjev eit ekte bilete av byggeskikk og levemåte i eldre tid. Garden er gamal, truleg frå før vikingtida. I 1521 var det to brukarar på Mølster. Husa deira er samla i eit rekkjetun, ein tunskipnad som var vanleg i vossabygdene.

Her hadde brukarane kvar sine stovehus, eldhus, loft, buer, fjøs, løer og vedhus. Det eine bruket hadde òg ei kårstove.

På det meste har det budd om lag 30 personar her. Dei to familiane flytte ut i 1926 og 1927, ti år etter at Voss folkemuseum var skipa. Museet opna i 1928.

Basisutstillinga

Ved Voss folkemuseum kan du no sjå basisutstillinga, Utsyn mot Voss.

Utstillinga stod ferdig til sommaren 2021, og fortel historia om Voss dei siste 500 åra. Museet har henta fram mange godbitar frå samlingane sine, og har i tillegg lånt inn ei rekkje gjenstandar frå andre.

Utstillinga opnar med ein presentasjon av det gamle bondesamfunnet. På vegen vidare gjennom historia er der to store vendepunkt – opninga av Vossebanen i 1883, og den andre verdskrigen.

I utstillinga vil du mellom anna møta mange enkeltpersonar som har prega lokalsamfunnet gjennom desse åra, du vil høyra opptak med mange av dei beste musikarane frå bygda, og du vil sjå filmar frå EkstremSPORTveko.

Det heile vert presentert på ein ryddig og innbydande måte, og utstillinga er laga av Bergens-firmaet Vill

Velkomen til Hangurstoppen, 818 moh.

Panoramautsikt, skianlegg og lokalmat på sitt beste, berre 9 minutt frå Voss sentrum

Hangurstoppen Restaurant: Panoramautsikt og gode måltid!

Hangurstoppen Restaurant er med sine 310 sitteplassar og to etasjar Voss sin største restaurant/kafè og afterski.

Restauranten ligg på Hangurstoppen rett ved øvre stasjon til Voss Gondol. Her, på 818 meter over havet, tilbyr me store vindauger som gjev deg fantastisk utsikt til fjell- og naturområdet rundt.

Me har fokus på mat laga frå botn og norske råvarer. Her får du servert mat med gode, sesongbaserte og lokale råvarer. Difor har me ikkje fast meny gjennom heile året, men varierer menyen gjennom sesongane basert på tilgjengelege råvarer.

Hardangerfjord Hotel

Nyoppussa Hardangerfjord Hotel ligg idyllisk til ved fjordkanten i Øystese, berre ein times tid frå Bergen, med fantastisk utsikt mot Hardangerfjorden, fjella og isbreen Folgefonna.

Gjestane kan oppleva fjord og fjell gjennom heile året, og med variasjonen i årstidene vert det aldri kjedeleg – naturen gjev ein stadig nye nyansar og perspektiv. Det mektige synet frå hotellet vekkjer kjensler hjå ein kvar – ruvande fjell, ein blenkande fjord, ei glitrande

fonn og grøne bakkar.